

NYNORSKOPPLÆRING

EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

NR. 41 • HAUSTEN 2025



20 år med god nynorskopplæring

TEKST: **Synnøve Marie Sætre**, senterleiar for Nynorsksenteret

I ÅR FEIRAR Nynorsksenteret 20-årsjubileum, og i desse 20 åra har me arbeidd for god nynorsk-opplæring for alle. Både her hjå oss på senteret, i skulen og i norskfaget har eitt og anna endra seg sidan 2005, men målet har heile vegen vore det same.

Sidan Nynorsksenteret opna, har det kome ei ny opplæringslov, to nye læreplanverk og fleire justeringar med innverknad på nynorsk-opplæringa. Digitaliseringa har for alvor gjort inntog i skulekvardagen desse åra, utan at styresmaktene har teke høgde for kva det har å seie for nynorsken. Me har fått mykje ny forskning om nynorsk i opplæringa, og nye didaktiske innsikter som må implementerast i opplæringa.

Gjennom desse 20 åra har Nynorsksenteret vore ein pådrivar for at elevar, lærarar og lærar-

utdannarar skal ha tilgang til gode ressursar og støtte i arbeidet med nynorsk. Me har arbeidd for at elevane skal få møte nynorsk på ein god måte i skulen, og at nynorsk skal vere eit levande, relevant og tilgjengeleg språk for dei – både som hovudmål og sidemål. Ved å formidle kunnskap, utvikle gode ressursar og lyfte fram engasjerande litteratur på nynorsk ynskjer me å bidra til å skape språkglede og gjere elevane til trygge språkbrukarar.

Mykje har endra seg desse åra, men diskusjonen om sidemålsordninga held stand, og med auka styrke inn mot årets valkamp. Diskusjonen er som vanleg lite kunnskapsbasert og dreier seg i stor grad om kva som kan kuttast, framfor å lyfte det me veit fungerer. Det er òg viktig å lyfte blikket og sjå kva verdi sidemålsordninga har i

den store samanhengen. Sidemålsordninga er ein hjørnestein for den språklege jamstillinga både i skulen og elles i samfunnet, og du som driv god sidemålsopplæring, gjer jamstilling mellom nynorsk og bokmål mogleg.

Tusen takk til alle som på ulike måtar har bidrege til arbeidet ved senteret desse 20 åra. Det er mange som fortener mykje ros for framifrå arbeid. Og til alle dyktige lærarar som gjer ein enorm innsats for at elevane skal få gode møte med nynorsk og byggje språkleg sjølvttillit: Takk! Innsatsen dykkar er heilt avgjerande. Saman held me fram arbeidet for ei god nynorskopplæring for alle – i 20 nye år og meir til.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 41, 19. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Ole Jan Borgund og Arild Torvund Olsen

SKRIFTTPAR: Zeitung og Dolly

PRENTEVERK: NordvestProfil

FRAMSIDE: Lars Henrik Eriksen

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

nynorsksenteret.no

Kva hender med stavekontrollen til Google?




TEKST: **Synnøve Marie Sætre**
FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**

FØR SOMMARFERIEN I FJØR (2024) jubla me for at den nye opplæringslova kom med krav om at språkprogram som skal brukast i skulen, må støtte både nynorsk og bokmål. Endå meir jubel vart det då Google lova å kome med skriveprogram med nynorsk stavekontroll til skulestart. Dette ville verte ein kjempesiger for alle elevar som skal lære nynorsk, og for nynorsk i det heile.

Skulestart kom, men det gjorde ikkje Google si nynorske skrivestøtte. Ein kunne rett nok stille inn stavekontrollen på nynorsk, men noka støtte var det ikkje. Snarare tvert imot. Google heldt fram med å finne feil der alt var rett, og fullstendig oversjå det som var feil. I tillegg førte Microsoft si integrering av kunstig intelligens til at den tidlegare velfungerande stavekontrollen i Word no har blitt dårlegare på både nynorsk og bokmål.

Arbeidet held fram

Etter eitt år med språkkrav til skriveprogram er me altså like langt, men me er mange som arbeider for at staten ikkje skal overlate ansvaret for elevane si skriveopplæring til dei store tekngigantane. Språkrådet testar skriveprogramma jamleg, og det kan sjå ut til at noko går riktig veg, og at språkkravet i opplæringslova kan føre til framsteg, men det kjem ikkje av seg sjølv.



Kva kan du som lærar gjere?

- Orienter deg om kva for skriveprogram elevane brukar
- Gjere deg kjend med kva stavekontrollen kan og ikkje kan
- Lære elevane kva stavekontrollen kan og ikkje kan, slik at dei ikkje blindt godtek alle framlegga stavekontrollen kjem med
- Melde ifrå til skuleeigar/innkjøpsansvarleg om korleis stoda er
- Fram til Google får ordna ein del grunnleggjande problem, bør du hjelpe elevane som skriv i Google Dokument, å slå av stavekontrollen

INNHALD

- 2 **20 år med god nynorskopplæring**
av Synnøve Marie Sætre
- 3 **Google**
av Synnøve Marie Sætre
- 4 **Lær og lev med heile meg**
av Christine Langeland
og Merete Hoel Roaldsnes
- 6 **Meir nynorsk gjennom Blindsone**
av Guro Kristin Gjøsdal
- 8 **Nynorsk på utlånstoppen**
av Jorid Saure
- 10 **Forskning ved senteret:
Skrifta i bildeboka**
- 11 **Forskning ved senteret:
Språkleg medvit og språkideologiar**
- 12 **Forskning ved senteret:
Nettbrett i begynnaropplæringa**
- 13 **Ressursar frå Nynorsksenteret**
- 16 **Podkast for samhald og leseglede**
- 18 **Boktips frå nynorsk bok.no**
- 20 **Nynorsk på 1-2-3**
av Arild Torvund Olsen og
Kristoffer S. Mathisen

På Møre barne- og ungdomsskule Ålesund samarbeider lektor Christine Langeland og musikkterapeut Merete Hoel Roaldsnes tverrprofesjonelt.

Lær og lev med heile meg

UTVIKLINGSARBEID I BEGYNNAROPPLÆRINGA

TEKST: Christine Langeland og Merete Hoel Roaldsnes FOTO: Privat



Undervisningsaktivitetane om folkehelse og livsmeistring i begynnaropplæringa er publiserte på nettsidene til Nynorsksenteret: nynorsksenteret.no/lev

MØRE BARNE- OG UNGDOMSSKULE Ålesund er ein friskule som satsar på lese- og skriveopplæring med vekt på heile mennesket. I lys av Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn* har regjeringa uttrykt eit ynske om å utvikle ein meir praktisk og variert skulekvardag der elevane lærer meir, trivst betre og opplever auka motivasjon.

Som eit svar på denne nasjonale satsinga har Møre barne- og ungdomsskule Ålesund opna for eit tverrprofesjonelt samarbeid mellom oss som musikkterapeut og lærarspesialist. Gjennom dette samarbeidet har vi fått høve til å arbeide i ein utforskande praksis, med mål om å fremje ei variert og motiverande nynorskopplæring for dei yngste elevane. Undervisninga er forankra i dei respektive profesjonane våre og inspirert av ulike metodar i desse fagtradisjonane.

Utviklingsarbeidet *Lær og lev med heile meg* har resultert i tverrfaglege undervisningsaktivitetar som omfattar kompetansemål i både norsk, musikk og det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring. Sentrale element i undervisninga er nynorsk litteratur, musikk, dans, kroppsleg rørsle, leik og dramatisering. I arbeidet ynskjer vi å fremje nynorskdidaktikk og skape rom for kreative, leikande og utforskande elevar. Vi brenn for å leggje til rette for skapande og sansande læringsaktivitetar der elevane får høve til å lære

og leve med heile seg – i samspel med andre, i eit trygt og inkluderande læringsmiljø.

Folkehelse og livsmeistring i undervisninga – kva kan det vere?

Folkehelse og livsmeistring er eit av tre tverrfaglege tema i overordna del av læreplanverket (LK20). Temaet tek utgangspunkt i sentrale samfunnsutfordringar og skal bidra til at elevane utviklar kompetanse som fremjar både psykisk og fysisk helse (Kunnskapsdepartementet, 2017). Korleis kan ein setje dette ut i livet?

Vi har valt å bruke praktisk-estetiske læringsprosessar, som er den sanslege, kroppslege, kjenslemessige og kognitive læringa som skjer når elevane får vere skapande og utforskande med heile seg. Elevane får vere aktivt deltakande og uttrykke innsikta si gjennom musikk, bilete, tale, tekst eller kroppslege aktivitetar. Slik kan dei utvikle ei djupare og heilskapleg forståing av seg sjølv, kvarandre og læringsinnhaldet. I samband med det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring har vi arbeidd med tilhøyrande undertema som sjølvbilete, identitet, relasjonar, tankar og kjensler. Vi arbeider tverrfagleg integrert med blikket på fleire faglege perspektiv i ulike læringsssituasjonar.

Erfaringane frå utviklingsarbeidet viser at både elevar og vaksne lærer, utforskar og erfa-

rer i møte med kvarandre. Dei utviklar seg i det relasjonelle og i dei praktisk-estetiske læringsprosessane. Ein autoritativ lærar skaper rom for undring og autentiske møte der både elevar og vaksne er utforskande og lærande i prosessen. Det kan opplevast som trygt og motiverande når vaksne viser at det er lov å prøve og feile og lære av det. Dette byggjer relasjonar og kultur for livslang læring.

Kjelder

Kunnskapsdepartementet (2017).

Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.

www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnoppleringen/id2570003/

Meld. St. 34 (2023–2024). *En mer praktisk skole – bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn*. Regjeringa.

www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-34-20232024/id3052898/

Møre barne- og ungdomsskule Ålesund (2025). *Litt om oss ...*

www.morealesund.no/historie.html
(09. mai)

Kulturtanken ønsker å inspirere og støtte utøvarar, uavhengig av språkbakgrunn, til å nytte det nynorske språket i Den kulturelle skulesekken. Hiphop-teateret **Blindsone** inspirerer!

Meir nynorsk gjennom **Blindsone**

TEKST: **Guro Kristin Gjøsdal** FOTO: **Nynorsk kultursentrum**



Målsettinga med prosjektet er fleire kvalitetsproduksjonar i Den kulturelle skulesekken som nyttar nynorsk som arbeidsspråk kreativt, informativt og pedagogisk.

I ST.MELD. NR. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida* blir det understreka at det språkpolitiske perspektivet skal vere vektlagt i utforminga av tilbodet i Den kulturelle skulesekken (DKS). Språk er ein sentral del av ein produksjon og eit uttrykk, og som språk brukt i kunstnarisk arbeid kan nynorsk definerast som ein materialitet. Språket har ein energi og ei kraft som er med på å fargelegge ulike kunstuttrykk. Det nynorske språket er i seg sjølv ein estetisk dimensjon – og høyrer heime i DKS og dei ulike uttrykka film, litteratur, musikk, scenekunst, visuell kunst og formidling av kulturarv.

Den kulturelle skulesekken er kunst kopla til opplæring. Kunsten rører alltid ved samanhengar som er relevante i opplæringsfeltet. Målsettinga med prosjektet *Meir nynorsk i Den kulturelle skulesekken* er fleire kvalitetsproduksjonar i DKS som nyttar nynorsk som arbeidsspråk kreativt, informativt og pedagogisk.

Nynorsk blir nytta som sidemål, som hovudmål og som andrespråk. Det betyr at alle kunstnarar og kulturformidlarar kan utvikle ein nynorsk produksjon, og at desse vert formidla i fylka nasjonalt.

Målet er at meir nynorsk i DKS skal vere konkretisert, kommunisert, iverksett og følgt opp kontinuerleg. Satsinga ønsker at det å legge vekt på nynorsk blir etablert som ein sjølvstendig dimensjon i DKS nasjonalt. Kulturtanken/DKS

og Nynorsksenteret kan tilby utøvarar informasjon og rettleiing om nynorsk i eit kunstnarisk, språkleg, kulturelt og læreplanretta perspektiv.

Det er også sentralt at skular er språk- og kulturbevisste og legg til rette for god kunstformidling for elevar og utøvarar. I satsinga har vi erfart at språk ikkje er eit problem for barn og ungdom. Det er sentralt at opplærings- og kulturfeltet viser gode haldningar og vilje til nynorsk som ein del av mangfaldssamfunnet og tilbodet i DKS.

Hiphop-teateret Blindsonsone

Scenekunstproduksjonen *Blindsonsone* er eitt døme på meir nynorsk i DKS. *Blindsonsone* er ei tverrkunstnarisk framsyning for ungdom med søkelys på representasjon, språk og definisjonsmakt. *Blindsonsone* er basert på ungdomsromanen *Eit anna blikk*, som forfattaren Erlend Skjetne fekk Brageprisen for. Framsyninga er produsert av Nynorsk kultursentrum i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, Nynorsksenteret og manusforfattar og regissør Mine Nilay Yalcin. Skodespelarar og musikarar er Jahanger Ali og Samir Madad. Dei er norsk-afghanske og har sjølv flyktningbakgrunn.

I framsyninga *Blindsonsone* møter vi dei to ungdomane Anwar og Walid. Dei er mindreårige flyktningar frå Afghanistan, og bur på eit mottak i Noreg. Anwar og Walid blir spelte av to afghanske gitarar frå Oslo. I *Blindsonsone* blir vi kjende med

gutane på mottaket. Kanskje blir vi også kjende med skodespelarane og får eit inntrykk av korleis dei opplever historia som blir fortald? Dei opnar kanskje nokre blindsoner for oss. Kven har definisjonsmakta? Kven fortel eigentleg historiene? Kva er blindsonene i samfunnet vårt?

Andre produksjonar å la seg inspirere av

- Sandra Kolstad: *Elv på himmelen – elektronisk tonesetting* av Jon Fosse-dikt (8. trinn–Vg3).
- Good Time Charlie: *Jubelblues* (1.–7. trinn)
- Belinda Braza Crew: *Samplaren* (8. trinn–Vg3)
- Martine Grande: *Ørn* (1.–4. trinn)
- Geir Egil Eiksund: *Kampen* (5.–7. trinn)
- Dordi Strøm: *I dag er du kostymedesignar!* (5.–10. trinn)

Vidare lesing

Den kulturelle skulesekken.no (2025).

Blindsonsone: basert på romanen «Eit anna blikk». Kulturtanken

Gjøsdaal, G.K. (2023). *Kvifor nynorsk i Den kulturelle skulesekken?* Periskop.no

Kulturtanken; Nynorsksenteret;

Vestland fylkeskommune; Møre

og Romsdal fylkeskommune;

Telemark fylkeskommune; Vestfold

fylkeskommune; Seanse (2024). *Meir*

nynorsk i DKS – Prosjektrapport 2020–

2024. Kulturtanken.no

På Fjell ungdomsskule i Øygarden kommune har rundt 70 prosent av elevane bokmål som hovudmål. Likevel toppar fleire nynorskbooker utlånstatistikken ved skulebiblioteket, eit resultat av målretta arbeid og god tilrettelegging.

Nynorsk på utlånstoppen

- Elevane vil ha lettbeinte og lystige bøker

TEKST: Jorid Saure FOTO: Jorid Saure



Skulebibliotekansvarleg Toril Aune Børmo framfor hylla med dei mest populære bøkene.

– **DET ER EKSTRA KJEKT** å sjå at både første-, andre-, femte- og niandeplassen på topplista er nynorsk-bøker, seier skulebibliotekansvarleg Toril Aune Børmo.

Ho meiner dette ikkje handlar om språkform, men om at bøkene faktisk når elevane der dei er.

– Elevane vil ha grøss, spenning, fotball og grafiske romanar. Dei vil ha lettlesne bøker med historier som endar godt. Forfattarane må forstå det.

Toril peiker på at mange av dagens ungdommar har lågare lesekompetanse enn tidlegare, og at det er heilt avgjerande å tilpasse bøkene til nivået dei er på.

– Viss vi skal behalde dei som lesarar, må dei få ei god lesaroppleving tidleg. Då kan vi etter kvart løfte dei til meir avanserte tekstar. Mange av bøkene på topplista kunne like gjerne stått på topplista på barneskulen, meiner ho og legg til at skiljet mellom barneskule- og ungdomsskulelitteratur er i ferd med å bli viska ut.

Elevstyrt val er nøkkelen

Å la elevane velje sjølve er ein viktig del av lesestrategien ved Fjell ungdomsskule.

– Vi har stilt alle bøker med framsida ut i hyllene, slik at elevane vert lokka av omslaget. Å få velje sjølv er nøkkelen til lesemotivasjon, seier Børmo.

Heile skulebiblioteket er fornya med bøker som speglar interessene til dagens ungdom, uavhengig av hovudmål.

– Elevane må kunne kjenne seg att i litteraturen, særleg viss dei er uerfarne lesarar. Vi må møte dei der dei er, og det gjer vi no, med gode resultat, også for nynorsken.

Etterlyser «booktok»-bøker på nynorsk

– Sjølv om vi har eit ganske breitt utval av nynorsk litteratur, finst det færre bøker i enkelte sjangrar, spesielt dei som uerfarne eller svake lesarar ofte føretrekkjer. Det gjer det vanskelegare å treffe alle lesartypar, og det er ei av dei største utfordringane vi står i akkurat no. Det trengst fleire lettlesne, spennande bøker på nynorsk, særleg i sjangeren som gjerne blir kalla *booktok*, seier Børmo.



Ho siktar til bøker med kvinnelege hovudpersonar som er smarte og dyktige, gjerne med eit romantisk plot og ei handling som fangar raskt. Nokre av dei har òg meir eksplisitte scener, men felles for dei er at dei er lettlesne og populære blant ungdom. Også grøss, fotball og humor er sikre vinnarar, spesielt grøss og gru-bøkene, som har høg gjennomstrøyming på biblioteket.

– Dette er den mest utlånte sjangeren hos oss. Det er desse bøkene elevane plukkar først, og dei er nesten alltid ute av hyllene, seier ho.

– Vi har kjøpt inn mange, men dei blir lånte heile tida. Det seier noko om kva som treffer.

Språkforma ser ikkje ut til å vere noko hinder.

– Eg får aldri høyre at det er eit problem at boka er på nynorsk, så lenge språket grip dei og historia er god, seier Børmo.

Lystlesing på nynorsk kan byggje ned fordommar mot språket

Mange ungdommar møter nynorsk først og fremst som eit sidemål på skulen. Men kva skjer når dei får lese grøss, fantasy og fotballbøker på nynorsk?

– Då byggjer vi ned fordommar og styrkjer språket som bruksspråk, seier Synnøve Marie Sætre, leiar ved Nynorsksenteret. Ho trur det er avgjerande å gi ungdom gode møte med nynorsk, slik at dei meistrar språket, anten dei har det som hovudmål eller som sidemål.

Sætre er einig i at det trengst eit breiare sjangerutval for nynorsk ungdomslitteratur. Særleg er det behov for meir omsett litteratur, som dei populære «booktok»-bøkene ungdom deler på sosiale medium. Ho understrekar òg at serielitteratur, lettlesne bøker og meir sakprosa er viktig for å fange elevar som ikkje er vane med å lese.

– Derfor må vi ha innkjøpsordningar som stimulerer forlaga til å satse på slike bøker. Økonomien i skulebiblioteka må òg styrkjast, slik at dei kan tilby eit variert og aktuelt utval, seier ho.

– Vi veit at det blir gitt ut færre bøker på nynorsk enn på bokmål, men samstundes er nynorsklitteraturen ofte overrepresentert i prisar og utmerkingar. Det viser at kvaliteten er høg. Med fleire lettlesne bøker kan vi gi ungdom gode erfaringar med språket og gjere nynorsk til ein naturleg del av kvardagen, avsluttar Sætre.

FORSKING VED SENTERET

Skrifta i bildeboka



ANNE MARTA V. VADSTEIN held på med doktorgradsprosjektet «Skrifta i bildeboka». Der utforskar ho kva rolle bildebøker og høgtlesing kan spele for barnehagebarn sine erfaringar med skrift. Høgtlesing er ein kjend aktivitet i barnehagen, og korleis verbalteksten ser ut og blir formidla, kan tenkjast å spele ei rolle også for barn som ikkje les sjølv.

Ein av delstudiane tematiserer skriftmengde i bildebøkene og korleis dette påverkar val av bøker i barnehagen og gjennomføring av høgtlesinga. Barnehagelærarane i studien vel helst bøker med gode illustrasjonar og lite tekst, men reflekterer også rundt at lengre bøker kan vere med på å gjere barna meir uthaldande i lesinga. Studien viser at høgtlesarane gjer ulike språklege tilpassingar om boka er «kort» eller «lang».

Ein annan delstudie utforskar i kva grad barnehagebarn legg merke til skrift som er kreativt utforma, korleis dette kjem til uttrykk gjennom peiking og kommentarar, og kva rolle den vaksne spelar for skriftutforskinga.

Tidlegare forskning på bildebøker og høgtlesing har ofte lagt vekt på heilskapen mellom bilde og skrift. Dette prosjektet tematiserer kva rolle skrifta har i det samspelet, men også kva skrift kan som ikkje bilda gjer: å formidle språk.

Vadstein, A.M.V. (2024). Nytt medium, andre skriftmøte? Skrift som modalitet i fire digitale remedieringar av ei trykt bildebok. *Nordisk tidsskrift for utdanning og praksis*, 18(2), 5–24. <https://doi.org/10.23865/up.v18.5941>

Vadstein, A.M.V. (2025). Mellom skrifta og barnet – tre barnehagelærarar sine strategiar i høgtlesing av bildebøker med få ord og med fleire ord. *Nordisk barnehageforskning*, 22(1), 165–183. <https://doi.org/10.23865/nbf.v22.576>

Språkleg medvit og språkideologiar

IDA MARIE JEGTEBERG er stipendiat og forskar på språkleg medvit og språkideologiar hos lærarar og lærarstudentar i andre fag enn norsk. I første artikkel i doktorgradsprosjektet skriv ho om ein fokusgruppestudie ho har gjennomført om det språklege medvitet hos lærarar i nynorske randsoneområde. Eit hovudfunn i denne studien er at kunnskapane lærarane rapporterer at dei treng, gjerne er formelle kunnskapar i nynorsk og bokmål for eiga skriving, og at det språklege medvitet deira er prega av språkideologiar.

I tillegg forskar ho på korleis lærarutdanninga kan førebu studentar på å bli språkleg oppmerksame lærarar på tvers av skulefaga. Til andre artikkel, som er under arbeid, har ho gjennomført ein kassusstudie av eit emne som handlar om lesing og skriving, i ei norsk lærarutdanning. Eit førebels funn er at studentane rapporterer å ha fått mest ut av arbeid knytt til kunnskapsforma fronesis, altså kunnskap om mellom anna etiske refleksjonar, og det er også dette som ser ut til å ha påverka korleis dei forstår rollene sine som språklærarar i alle fag.

Jegteberg, I.M. (2025). «Eg er ein språklærar med språkvanskar»:

Ein fokusgruppestudie av det språklege medvitet til lærarar i nynorske randsoneområde. *Ellå*, 3(3).

<https://doi.org/10.58215/ella.97>



Nettbrett i begynnaropplæringa




LIV KRISTIN B. ØVERENG har undersøkt kvalitet i undervisningspraksisar og korleis nettbrett blir brukt i begynnaropplæringa. Ho disputerte i november 2024 med avhandlingsa *Nettbrett i begynnaropplæringa: Ein studie av lærar-elev-interaksjon og bruk av nettbrett i klasseromspraksis*.

I avhandlingsa har ho undersøkt bruk av nettbrett og interaksjonar mellom lærar og elevar i klasseromspraksisar, med og utan bruk av nettbrett. Ho har filma og analysert interaksjonar i 18 klasserom der nettbrett var brukt. I tillegg vart det gjennomført intervju med lærarar. Studien viser at interaksjonar mellom lærar og elev er påverka av bruk av nettbrett i lærings-situasjonar. Produktiviteten er høgare når det blir brukt nettbrett, noko som betyr at elevane i større grad er i aktivitet med oppgåver. Samstundes er det mindre samhandling mellom lærar og elev og mellom elevane når elevane brukar nettbrett. Elevane jobbar meir åleine, og responsen dei elles ville fått frå ein lærar, kan dei i nokre tilfelle få frå nettbrettet. Men då krev det at elevane har lært å gjere seg nytte av dei teknologiske funksjonane.

Studien viser at læringssituasjonar der nettbrettet kan bidra til kvalitet i klasseromspraksis, særleg er skrivesituasjonar. I skrivesituasjonar kan nettbrettet bidra med multimodale funksjonar, talesyntese og fildeling og med tidleg tilgang til bokstavane i skriveopplæringa til førsteklassingar. Lærarane i studien ser på nettbrettet som eit verdifullt tilskot i undervisninga, der elevane kan vere engasjerte i læringssituasjonar med nettbrett som kan fremme læring. Lærarane syner tydeleg medvit om kva tid, kor mykje og i kva aktivitetar nettbrett skal brukast i undervisninga. Dei tek medvitne val og er svært opptekne av at nettbrettet skal brukast på ein meningsfull måte. Sjølv i klasserom med høg kvalitet på den digitale undervisninga blir nettbrettet brukt relativt sjeldan, og lærarane er medvitne om at skuledagen må vere variert, med økter med sjølvstendig arbeid og økter med samhandling og samarbeid.

Øvereng, L.K.B. (2024). *Nettbrett i begynnaropplæringa: Ein studie av lærar-elev-interaksjon og bruk av nettbrett i klasseromspraksis*. [PhD-avhandling]. Universitetet i Stavanger. <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/3164398>

RESSURSAR FOR BARNESKULEN




Skriverammer for utedagbøker

nynorsksenteret.no/utedagbok

Treng du idear og tips til korleis du kan bruke skriverammer som inngangsport til den første skrivinga? Denne ressursen tek utgangspunkt i tekstar som elevane skriv i samband med uteskule.

Slik skriving har mange fordelar:

Elevane har noko å skrive om, det er lett å tilpasse skrivinga til ulike elevar, og arbeidet kan inngå som ei første skriving av naturfagsrapportar. Denne ressursen viser korleis ein kan variere tekstane og tilpasse skrivinga til ulike elevar.



Bok på 1-2-3:

Oskar og eg

nynorsksenteret.no/oskar

Eit tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.-4. trinn i norsk og kunst og handverk med utgangspunkt i kapittelet «Trehytta» frå boka **Oskar og eg** av Maria Parr og Åshild Irgens.



Å leike bibliotek

nynorsksenteret.no/bibliotek

Å lese og å bli lesen høgt for på nynorsk legg eit godt grunnlag for å for å bli trygge lesarar og skrivarar. Lesing er nøkkelen til kunnskap.

Denne læringsressursen er tenkt som ein språkstimulerande leikesituasjon som legg til rette for skriftspråkleg undring og oppdaging. Elevane skal ha rollene bibliotekar, lånar og forfattar, og dei får samarbeide, leike, sortere, telje, lese og skrive.

RESSURSAR FOR UNGDOMSSKULEN OG VGS.

FOTO: Leikny Havik Skjærseth



Arbeid med romanen Eit anna blick

nynorsksenteret.no/blick

I dette undervisningsopplegget skal elevane arbeide med nærlesing av ungdomsromanen *Eit anna blick* (2021) av Erlend Skjetne. Gjennom arbeidet får elevane ta i bruk sentrale norskfaglege omgrep som tema-tikk, miljøskildringar, språklege verkemiddel, komposisjon og forteljar-instanstans.

Den tolvte spelaren – nærlesing av ein grøssar

nynorsksenteret.no/tolvte

Den tolvte spelaren er ein lettlesen og engasjerande grøssarroman som tek opp aktuelle problemstillingar som rasisme, vald og trugs-mål. Boka passar spesielt godt for elevar som skal møte ein lengre nynorsk tekst for fyrste gong.

Nynorsk på 1-2-3


nynorsksenteret.no/teikneseriar/123nynorsk.html

Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorskkurs i teikneserieform. Her fortel teikneseriefiguren Rakel det du treng å kunne for å unngå dei vanlegaste feila i nynorsk. Serien lærer deg om bøyning av verb, substantiv, ordtilfang og anna. Kvar side kan fungere frittstående.

Alle stripene og sidene som er laga, finn du på nettsida. Der er det òg mogleg å tinge gratis klassesett av eit hefte med høgdepunkt frå serien.



ILLUSTRASJON: Kristoffer S. Mathisen



Annleis

nynorsksenteret.no/annleis

Dette er eit temabasert undervisningsopplegg om det å vere annleis. Opplegget inviterer elevane til å reflektere over kva det vil seie å ikkje passe inn, å skilje seg ut – eller å oppleve at andre gjer det. Gjennom arbeid med ulike skjønnlitterære tekstar og saktekstar får elevane møte karakterar og menneske som på ulikt vis utfordrar det «normale».



Bli-kjend-skriving på 8. trinn

nynorsksenteret.no/kjend

Når elevane startar på 8. trinn, er det viktig å gje dei positive erfaringar med å skrive på nynorsk. I denne skriveoppgåva skal elevane presentere seg sjølv skriftleg og øve på å bruke nokre av dei mest vanlege personlege pronomena på nynorsk.



Forfattar Therese Garshol Syversen og programleiar Heidi Fagna.

Bakom boka

nynorsk bok.no/bakom-boka/

I podkasten **Bakom boka** intervjuar Heidi Fagna ved Nynorsk-senteret forfattarar som skriv nynorske bøker for barn og unge. Møt Maria Parr, Brynjulf Jung Tjønn, Anna R. Folkestad, Uprissvinnarane Therese Garshol Syversen, Asbjørn Rydland og Terje Torkildsen, og mange andre. Du kan lytte til desse podkastane der du lyttar til podkast, eller via nynorsk bok.no.

Gi elevane positive opplevingar med nynorsk ved hjelp av gode bøker og enkelt podkastutstyr.
Her kan du lese om erfaringane til lærarane ved Øyra skule som har gjennomført dette
opplegget på 5. trinn saman med Nynorsksenteret.

Podkast for samhald og leseglede

TEKST OG FOTO: Nynorsksenteret



I MAI 2024 publiserte Nynorsksenteret ni podkaster om bøker for elevar på småtrinnet. Åtte elevar frå klasse 4 B ved Øyra skule var med. Prosjektet fekk nasjonal merksemd. Skuleåret etter har heile klasse 5 B ved Øyra skule spelt inn podkaster med boktips for mellomtrinnet.

– Det har vore ei lærerik og kjekk oppleving for både elevar og lærarar. Vi har lese fem bøker høgt i klasserommet, og elevane har fått møte ulike forteljingar, språklege uttrykk og tema som har engasjert dei på ulike måtar, seier lærar Astrid Velsvik Henriksen.

Aktivt møte med bøkene

Norskfaget skal gi elevane litterære opplevingar og moglegheit til å uttrykke seg kreativt og skapande (LK 20). I ein klasse med 27 elevar vil det vere barn med svært ulike lesevanar.

– Nokre les mykje, og nokre les lite eller ingenting. I dette prosjektet ber vi elevane meine noko om bøkene. Dermed får elevane eit meir aktivt møte med bøkene, seier høgskulelektor Heidi Fagna ved Nynorsksenteret.

For å mestre eit språk må ein møte det mest mogleg. Mange elevar møter mindre nynorsk enn bokmål. Det gjeld både elevar som har nynorsk som hovudmål, og elevar som har nynorsk som sidemål.

– Vi veit at det å verte lesne for, er positivt for alle uansett bakgrunn. Difor er vi veldig glade for at lærarane og elevane har vore så ivrige deltakarar i arbeidet med Barneboktipset, seier Fagna.

Om prosjektet

Lærarane, Tone Botn og Astrid Velsvik Henriksen, har lese fem bøker på nynorsk høgt for alle elevane i klassen. Bøkene passsar for barn mellom 9 og 12 år. Etter at lærarane var ferdige med å lese ei bok, fekk klassen besøk av Heidi Fagna og

Ingvild Myklebust Hovden frå Nynorsksenteret. Kvar elev fekk utdelt ei notatbok som dei kunne skrive og teikne i. På kvar boksamling fekk elevane teikne medan ein vaksen las høgt. Etterpå vart elevane bedne om å skrive ei setning eller to om kva dei synest om boka.

– Det har vore veldig viktig at det er elevane si meining som kjem fram. Vi har ikkje lagt føringar på kva det er lov å meine om ei bok, seier Fagna.

Alle elevane i klassen fekk tilbod om å vere med. På kvar innspeling deltok seks elevar, og gjennom skuleåret har alle vore med.

– Elevane har vist stor glede, interesse og nysgjerrigheit gjennom heile prosjektet. Dei har lytta aktivt, diskutert innhaldet i bøkene og kome med eigne tankar og refleksjonar. Å få lese høgt, og seinare delta i innspeling av podcast, har vore motiverande og gitt elevane ei kjensle av meistring og stoltheit. Vi ser det er samlande for læringsmiljøet i klassen å delta i slike prosjekt og lage felles podcast. Det blir noko alle kan delta i, uansett føresetnadar. Prosjektet har bidrege til leseglede hjå elevane, seier Astrid Velsvik Henriksen.

– Kva har overraska dokker mest?

– Det som har overraska oss mest, er kor engasjerte og modige elevane har vore. Mange har tort å lese inn i mikrofon og dele tankar om bøkene, uansett kva erfaring dei har med å lese bøker. For oss er det viktig at alle er saman om klasseprosjekt, og det har vi fått til. Vi har oppdaga nye sider ved kvarandre, og det har styrkt både samhald og leseglede i klassen. Å ha vekt på høgtlesing i klasserommet har gitt ro, tid og rom for refleksjon, seier Henriksen.



La gjerne elevane teikne inntrykka dei får medan dei les. Her har Live tolka Erling Braut Haaland frå liten til størst.

Korleis lage podcast med boktips?

- Du kan låne bøker gratis frå biblioteket.
- Du kan bruke gratis opptaks- og redigeringsprogram.
- Du må setje av tid til høgtlesing og samtale om boka.

Her finn du oppskrifta med detaljane:
nynorsksenteret.no/podcast

Boktips frå nynorsk bok.no



Maria Parr og Åshild Irgens
Oskar og eg: Alle tinga vi har

Dei er tilbake! Med liv og røre, opp-
turtur og nedturtur. Oskar møter nye
utfordringar ved å «gi drallen og
mose på», men det er ikkje alltid
berre berre å vere Ida når broren tek
så mykje av merksemda. Dessutan
anar ho at ei ungdomstid ligg len-
ger framme i løypa – uunngåeleg,
men ikkje alltid behageleg. Kvifor
er ikkje klassebamsar og glitterpen-
nal like magisk for alltid, til dømes?
Det er kanskje ikkje så dumt å bli
inspirert av Oskar som heilt og fullt
står for det han meiner, utan å bry
seg så mykje om kva andre synest.

Dette er barnelitterært gull!



Anders Totland
Mamma på dass

Kva gjer du når du oppdagar at mor
di er ein influensar utan grenser,
som har delt bilete av deg i sosiale
medium utan løyve, og det går opp
for deg at barndomen din har blitt
brukt til å skape digitalt innhald?
Kjeftar henne huda full og let livet gå
sin gang, eller opprettar Instagram-
kontoen «Mamma på dass» og let
henne smake sin eigen medisn?


Mamma på dass er godt skriven,
lettlesen og morosam, samstundes
som boka tek opp aktuelle problem-
stillingar.



Aina Basso
Før det blir morgon

Josefa på femten år skal vere teneste-
jente på ein storgard. Ho er forplik-
ta til å arbeide på garden i eitt år, og
vert straffa om ho forlét tenesta før
tida. Josefa går frå ein trygg barn-
dom til eit for tidleg vaksenliv, slik
det kunne vere på den tida.

Ungdomsromanen tek føre seg
overgrep, skuld og straff. Vi får lese
om arbeid, draumar, skjeonar og
håp – og bekmørke hendingar. Na-
turskildringar, eventyr og segner er
med på å gje historisk forankring
og frampeik.



Andrea Rudland Haave
Sytten, snart atten


Kor går grensa mellom ekte kjærleik
og manipulasjon? Mia er sytten år
då ho møter sin 28 år gamle Tinder-
date på byen. Han får ho til å føle seg
sett og spesiell. Men det som først
verkar som ein draum, viser seg å
vere noko heilt anna.

Boka tek opp viktige tema som
maktubalanse, psykisk vald og kor
avgjerande venskap kan vere når
livet blir krevjande. Boka er med-
rivande og lettlesen og passar for
dei som vil ha ei tankevekkjande og
engasjerande leseoppleving.

Vil du ha e-post med oppdateringar frå Nynorsksenteret? **Nyhendebrevet** vårt kjem kvar månad og inneheld aktuelle saker, undervisningsopplegg og boktips. Du kan melde deg på via sida **nynorsksenteret.no/nyhendebrev**



RETURADRESSE: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Nynorsk på 1-2-3 er teikna av Kristoffer S. Mathisen. På nynorsksenteret.no/materiell kan du tinge gratis klassesett av serien.